



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 31.08.2023
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 09:00 - 12:50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Morten Sognes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Desse møtte frå adminstrasjonen:

Anne Hildegunn Færøy
Bjarte Rosenlund
Bjørnar Fjellhaug
Christopher Marius Straumøy
Ketil Tjore
Odd Harald Dommersnes
Stein Kåre Løvslett

Austrheim 4. september 2023

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
069/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
070/23	Godkjenning av møteprotokoll
071/23	Meldingar
072/23	Delegerte saker
073/23	Orienteringssak
074/23	Klage på delingsvedtak på frådelling av bebygd bustadtomt på gbnr. 131/11- Fønnes
075/23	Søknad om dispensasjon for tilkomstveg - gbnr. 157/6 - Buholmen
076/23	Søknad om dispensasjon på gbnr. 162/14 - Børilden - Flytebrygge
077/23	Tilskot privat vassutbygging Utkilneset
078/23	Godkjenning - Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune
079/23	Auka låneopptak Husbanken 2023
080/23	Skjenkeløyve kommunehuset - til bruk i samband med vigsel

069/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy (Ap) fekk godkjenning frå formannskapet til å ta opp ei sak om klage på startlån, i etterkant av møtet.

Denne saka er ført på eiga møteinnkalling, og vart handsama i lukka møte.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 069/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

070/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 070/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

071/23: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Ny kommunalsjef samfunnsutvikling og tenesteyting, Bjarte Rosenlund, presenterte seg for formannskapet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om meldinga om interkommunale samarbeid, at det vert jobba med å sikra at alle desse er etter regelverket.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om den siste gjeldsrapporten, ei orientering formannskapet skal ha som kommunen sitt økonomiutval.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 071/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering

072/23: Delegerte saker

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om dei delegerte sakene.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 072/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til orientering

073/23: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om ulike prosjekt:

- Nordlihøgda omsorgsbustader, arbeidet i gang.
- Hoplandskverna, dette arbeidet er ikkje komme i gang.
- Ladestasjonar elbilar, jobbar med BKK for å sjå at det er straum tilgjengeleg ved aktuelle kommunale bygg.
- Skuleprosjekta, nokre mindre ting står att med planting ute og møblar inne, dette vil komma på plass utover hausten (møblar Kaland i oktober).
- Manglande godkjenning av Årås skule frå Miljøretta helsevern, dette handlar mellom anna om manglande plan for utomhus anlegg med meir. Når planen er ferdig og finansieringa på plass, kjem godkjenninga også.
- Andre mindre manglar på Årås skule skal rettast, dette er ting som dører, lydisolering mellom keramikkrum og lærarrom, med meir.
- Veglys Hoplandssjøen, vert jobba med.
- Sal av næringsstomt Mongstad (ved rundkjøringa), i gang med avtale med sal av første del, har interessentar på andre del også. Når det gjeld vassleidning som går gjennom dette arealet ventar ein på pris for ordning.
- Arbeidet med bru til Njøten, der vart det lagt inn midlar til grøftereinsk også. Arbeidet er utført.
- Energirapportar, her er arbeidet i gang.
- Er kjøpt inn flytebrygge til Årvikane, ventar på søknadsprosessen.
- Baløy, skal asfaltera rundt nausta, men ventar på at ulike eigarar ryddar vekk båthengarar med meir.
- Nordliheimen, ser på ventilasjonen og om det er mogleg å fiksa dette utan å heva taket. Vindauge som var dårlege er skifta. Vil ta det vidare arbeidet med Nordliheimen opp i kommunestyre eller formannskap, alt etter korleis ein ligg an i tid.
- VA-anlegga, ein gjennomgang viser at det er trong for 170 millionar for å sikra pumpestasjonar, vassleidningar med meir dei kommande åra. Dette er sjølvfinansierande, men det krev betydeleg auke i gebyr om dette skal gå kun på gebyra. Har bedt om detaljert oversikt for å kunna laga ein god plan på korleis dette skal gjerast.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om den kommunale vegen til Leikvoll, der ein tek nedi med bil. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om tilstanden på veg til Njøta. Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at dette er noko ein ser på i samband med midlar som står att.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om detaljrekneskap for skulane, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at rekneskapen vil visa kostnader delt på skulane.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om status på påkopling til kommunalt VA på Leikvoll, og viste til at det er inntekter til kommunen på dette om ein får fleire tilkopla. Kommunedirektør Fjellhaug svara at dette skal følgjast opp vidare.

Morten Sognes (H) spurte om vatn til Førland, korleis dette ligg i prioriteringa. Bjørnar Fjellhaug viste til at kommunestyret har sagt at det skal inn på planen, men at det ikkje er gjort så mykje etter at dette vedtaket vart gjort i juni.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om arbeidet med nytt helse- og omsorgstun (eigen presentasjon tilgjengeleg saman med møteboka).

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det var bra at det var kopla på god kompetanse i prosjektet. Lerøy viste til at det er starta kurs for pårørande til personar med demens, og kunnskapen derifrå er at det er viktig med tidleg innsats også innan helse og omsorg.

Økonomi og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om status økonomi.

- Formannskapet skal leggja budsjettet ut på høyring 2. november, høyringsfrist 24. november, møte i formannskapet 30. november, og budsjettet skal til vedtak i kommunestyret 14. desember.

- Helse og omsorg, ikkje mogleg å ta ned utgiftene i 2024, når ein ser på Kostra brukar ikkje Austrheim mykje.

- Administrasjon, må sjå på pengebruken og korleis utgiftene vert førte.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at skatteveksten er 12,4 prosent, det er betre enn både naboane og landet sett under eitt. Får dermed eit nedtrekk i rammetilskotet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at 0,6 prosent auke i utgiftene ikkje kan reknast som eit avvik, bra levert av kommunedirektøren.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug og ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om bakkeplanering ved Leirvågkrysset, jamfør den pressemeldinga kommunen sende ut i sommar etter oppslag i ulike aviser. Sjå pressemeldinga på <https://austrheim.kommune.no/aktuelt/nyheiter/pressemelding-fra-austrheim-kommune/>

Ordførar Lerøy (Ap) viste til at det som er brukt til bakkeplanering er definert som reine massar etter reinsinga som vart utført av Soilcare då bakkeplaneringa vart gjennomført.

Morten Sognes (H) sa at det er veldig negativt for både kommunen og entreprenørane som jobbar med dette, at det vert framstilt på denne måten. Denne typen masser vert i dag selt som jordforbetrande masser saman med andre masser.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det var vurdert å klaga til PFU, det vart orientert om at det vart vurdert men ikkje gjort. Brekke spurte om ein ikkje no likevel bør klaga til dit. Ordførar Lerøy sa at det kan vera rett å gjera det no som avisene har hatt høve til å korrigera, og at ein også bør ta kontakt med Miljødirektoratet for å få svar rundt deira kommentarar i denne saka.

Per Lerøy (Ap) sa at det elles vert kjørt masser frå Storemyra på Mongstad til Nordmarka nord for Heiane, dette er omsøkt og godkjent slik at alt er i orden.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 073/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Orienteringane vart teke til vitande.

074/23: Klage på delingsvedtak på frådelling av bebygd bustadtomt på gbnr. 131/11-Fonnes

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet tek ikkje klagen frå Statsforvaltaren i Vestland til følgje og opprettheld vedtak gjort den 08.06.2023 (saksnr. 056/23). Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltingslova sin § 33. Vedtaket vert gjeve utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort formelt av ein setjestatsforvaltar, jf forvaltingslova § 42.

Saka vert oversendt til Statsforvaltaren i Vestland.

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at dette er eit bruk med veldig lite dyrka jord. Om dette vert avslege av settestatsforvaltar, så tek ein denne saka med i dei sakene der ein inviterer Statsforvaltar til synfaring.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er forståeleg med desse argumenta frå Statsforvaltar om det hadde vore eit stort bruk som misser drivekraft, men her er det berre eit mindre areal som kan drivast.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 074/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Formannskapet tek ikkje klagen frå Statsforvaltaren i Vestland til følgje og opprettheld vedtak gjort den 08.06.2023 (saksnr. 056/23). Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltingslova sin § 33. Vedtaket vert gjeve utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort formelt av ein setjestatsforvaltar, jf forvaltingslova § 42.

Saka vert oversendt til Statsforvaltaren i Vestland.

075/23: Søknad om dispensasjon for tilkomstveg - gbnr. 157/6 - Buholmen

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan **Buholmen (plan-id: 2006005)** til omsøkt tilkomstveg.

Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 075/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan **Buholmen (plan-id: 2006005)** til omsøkt tilkomstveg.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

076/23: Søknad om dispensasjon på gbnr. 162/14 - Børilden - Flytebrygge

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel(plan-id: 2013001) og pbl. § 1-8 til rammeløyve for omsøkte flytebryggje:

1. Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.
2. Fortøyningsblåse i område tilhøyrande søkjar må fjernast.
3. Det må føreligge godkjent løyve frå Bergen og omegn Havnevesen.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det vil gjera det tryggare for dei som har hytta å opna for denne flytebrygga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 076/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel(plan-id: 2013001) og pbl. § 1-8 til rammeløyve for omsøkte flytebryggje:

1. Flytebryggja vert skilta som open for ålmenta.

2. Fortøyningsblåse i område tilhøyrande søkjar må fjernast.
3. Det må føreligge godkjent løyve frå Bergen og omegn Havnevesen.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

077/23: Tilskot privat vassutbygging Utkilneset

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunen dekkar 1/3 av oppsitjarane sine fellesutgifter for framlegging av vatn til Utkilneset, inntil maksimalt kroner 215 000,- inklusive mva. Løyving vert finansiert og utbetalt over driftsbudsjettet for 2024.

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Vil no innstilla på anleggsbidrag.

Det er stramma inn i administrasjonen at dei vurderingar som er gjort skal dokumenterast betre, det har ikkje vore bra nok så langt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er ei sak både for vatn til Utkilen og vatn til Krossøy, der det er spørsmål kring den informasjonen som er gitt til innbyggjarane. Kommunen sin praksis har vore at kommunen har dekkja forsyning fram til knutepunkt, og så gitt støtte til private vasslag for å hjelpe dei med å få vatnet heilt fram. Tilsvarande er det naturleg at ein skulle gjort også for Krossøy og Utkilneset. Oppfattar at det er valt for små dimensjonar av dei som har jobba privat med dette, på bakgrunn av at det er gitt feile opplysningar frå administrasjonen, noko som er veldig uheldig.

Lerøy (Ap) spurte vidare om ein ikkje kan ta over anlegget og gje investeringstilskot på 50 eller 100 prosent, ved å gje dispensasjon frå VA-normen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at det ikkje er søkt om overtaking, dersom det skal gjerast, må ein ta det opp som ei ny sak.

Morten Sognes (H) sa at han oppfattar det slik at utbyggjarane er ført bak lyset når det gjeld kva som skulle til for å oppfylla kommunen sine krav for å overta anlegget. Skulle gjerne dekkja meir enn ein tredel slik som det ligg i saka.

Ordførar Lerøy (Ap) og Dyrkolbotn (KrF) sa at det nok vil komma nye søknader frå både Krossøy og Utkilen om denne saka vert vedteken. Alternativt kan ein senda saka tilbake til administrasjonen for å få dette som ei investering og ikkje over driftsbudsjettet. Om dette svara Fjellhaug at det er tale om å ta frå driftsbudsjettet for 2024, så ein kan gjera vedtak her og ev. sjå om det kjem ny søknad før 2024. Ordførar Lerøy (Ap) sa at det er viktig at ein dokumenterer det som blir avtala i ulike møte.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 077/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Kommunen dekkar 1/3 av oppsitjarane sine fellesutgifter for framlegging av vatn til Utkilneset, inntil maksimalt kroner 215 000,- inklusive mva. Løyving vert finansiert og utbetalt over driftsbudsjettet for 2024.

078/23: Godkjenning - Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre.

Grunngjeving ligg i saksutgreiinga.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Stein Kåre Løvslett orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at det vart lagt inn kart når dette skal publiserast, slik at det vert tydeleg for innbyggjarane. Ordførar Per Lerøy (Ap) oppfordra til at møtesekretær og sakshandsamar samarbeider om å sjå på ei slik ordning med kart. Løvslett svara at det er vurdert, utan at det er gjort, men at det er noko ein kan sjå nærare på.

Inger Lise Brekke (H) sa at dersom det ikkje blir laga kart, så må det i alle fall informerast godt og det må vera mogleg å ta kontakt med kommunen om ein er usikker. Det kan vera vanskeleg å tolka heilt kva som er tillatt.

Morten Sognes (H) sa at det er viktig at ein kan få informasjon, anten det er hjå kommunen eller frå brannvernet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 078/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre.

Grunngjeving ligg i saksutgreiinga.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

079/23: Auka låneopptak Husbanken 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket til startlån i Husbanken med 5 millionar for 2023

31.08.2023 FORMANNSKAPET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 079/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:
Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket til startlån i Husbanken med 5 millionar for 2023

080/23: Skjenkeløyve kommunehuset - til bruk i samband med vigsel

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast champagne eller tilsvarende alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg.

Det skal lagast kartskisser for kvar løyvet gjeld, dette skal leggest ved saka til kommunestyret.

31.08.2023 FORMANNSKAPET

foreslått av:

Det skal lagast kartskisser for kvar løyvet gjeld, dette skal leggest ved saka til kommunestyret.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det vanlegvis er 4 til 10 personar som er tilstades på ei slik vigsel, men maksimalt 20.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om det vert laga eit kart som viser området, dette vart støtta av Lerøy.

Dyrkolbotn (KrF) sa at han uansett vil seia nei.

Morten Sognnes (H) sa at skjenkeløyvet gjerne kan gjelda på framsida av bygget også.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det kan lagast kart til saka skal opp i kommunestyret.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er OK med tusenårsplassen, men ikkje framsida som er

tett på fortau og anna.

Inger Lise Brekke (H) sa at det må vera lov å ta glaset med seg ned til Samuel Lervågs plass og kunstbrua for å ta bilde eller liknande.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg om at det skal lagast kartskisser før handsaming i formannskapet, vart vedteke med fire mot ei røyst. Helge Dyrkolbotn, KrF, røysta mot.

FS - 080/23 - 31.08.2023 - Vedtak:

Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast champagne eller tilsvarende alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg. Det skal lagast kartskisser for kvar løyvet gjeld, dette skal leggest ved saka til kommunestyret.
